



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møtebok

Ål kyrkjelege fellesråd

Møte 11.11.2025

Møtestart: Kl 16:30 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 18:15

Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Kari Kristine Flatland (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål),

Kristoffer Lønning Tørresen (setteprost), Solveig Løkensgard Arnegard (komm.repr).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål)

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Camilla Osnes (prost permisjon)

SAKSLISTE:

FR-sak 44/25: Godkjenning av referat frå møtet 07.10.25 og innkalling 11.11.25

FR-sak 45/25: Oppfølging budsjett 2026

FR-sak 46/25: Møteplan 2026

FR-sak 47/25: Orienteringssaker

FR-sak 48/25: Grunnkurs for kyrkjevevjer

FR-sak 49/25: Personalsituasjonen – oppdatering

FR-sak 44/25: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 07.10.25 OG MØTEINNKALLING 11.11.25

Saksdokument:

Møtebok frå møtet 07.10.2025

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 07.10.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 11.11.2025 er lagt fram for godkjenning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 11.11.2025

VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 07.10.2025.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 11.11.2025.

FR-sak 45/25: OPPFØLGING BUDSJETT 2026

Saksopplysningar:

Signal frå kommuneadministrasjonen er at fellesrådet får eit tilskot på 7 millionar kroner til driftsbudsjett, altså noko mindre enn fyrste budsjettutkast, samt 2 millionar kroner til investeringsbudsjett, altså mindre enn fyrste utkast på 3 millionar. Kyrkjevevja presenterte kyrkja og behova i formannskapet 10. januar, og responsen etter møtet tilseier at kommunen kan vere villig til å innvilge auka investeringsbudsjett i tråd med søknaden, men endeleg vedtak vert fatta i kommunestyret 18. desember.

Fellesrådet ba kyrkjevevja om å sette opp ein oversikt over tiltak ut ifrå eit redusert tilskot, og fellesrådet gjekk gjennom ei rekke mogelege tiltak for å kome i hamn med 2026-budsjettet, og alternative tiltak viss budsjetttramma var endå strammare.

Fellesrådet har allereie opna for å tilsetje diakon/diakonarbeidar i redusert stilling i staden for full stilling, noko som sparar inn lønsmidlar i 2026. Fellesrådet ser det ikkje nødvendig eller tenleg å vurdere bemanning ut ifrå det driftsbudsjettet me truleg får.

Fellesrådet ser eit potensial i å lyfte gjevarteneste i kyrkjelyden.

Fellesrådet vil prøve å legge inn eit hovedprosjektsøknad til Kirkebevaringfondet innan fristen i 2026 med tanke på Torpo kyrkje. Leveld kyrkje har store behov og er ikkje listeført, men me kan forsøke andre søknader inkludert ENOVA-søknad for varmebehov. Kyrkjevevja bes om å prioritere investeringstiltaka i tråd med samtalen og dei skisserte tiltaka.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 11.11.2025

VEDTAK :

Fellesrådet takker for oppdateringa og støtter dei skisserte tiltaka i driftsbudsjettet. Fellesrådet ser at me må prioritere ned investeringstiltaka, og ber kyrkjevevja planlegge måling av ein kyrkje i 2026, samt dei tiltaka budsjettet tillèt i 2026.

FR-sak 46/25: MØTEPLAN 2026

Saksframlegg:

Møtefrekvensen hausten 2025 har vore hyppig. AU og kyrkjevevja foreslår noko lengre tid mellom møtene i 2026, anslagsvis 6 veker. AU foreslår at soknerådet og fellesrådet fortset å møtast tysdagar kl 16:30-18 og kl 18-20 slik me har gjort i 2025.

Forslag til datoar og møteplan 2026:

Tysdag 20. januar

Tysdag 3. mars

Tysdag 28. april

Tysdag 16. juni

Tysdag 18. august

Tysdag 13. oktober

Tysdag 1. desember

AU møtes normalt fredag kl 14 halvanna veke før møtene.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 11.11.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet vedtar møteplanen som foreslått.

FR-sak 47/25: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

a) Varmeanlegg: Arbeidet med sentralen i kontorkjellaren er snart ferdig. Viftekonvektorane til kyrkja vert levert i veke 48, og planen er å begynne arbeidet med å demontere radiatorane og montering av nye vifter i eit 2-vekers tidsrom. Me vil bruke vifteomnar til å varme kyrkja i dei 2 vekene.

b) Fellesrådet vedtok eit forbod mot lause gravlykter på gravplassane i Ål kommune. Lykter var plassert på kyrkjegardane innan staben fekk gjort klart informasjon om nytt vedtak, og me vurderte det slik at det vil vere betre å få ut informasjon og forbodet etter allehelgen, slik at me ikkje skapte uro for dei som allereie hadde plassert ut lyktene. Kyrkjebladet vil ha info om forbodet, og me vil henge opp informasjon på kyrkjegardane slik at dette vert gjort kjent utover i komande året. Gravplassvedtektene må også oppdaterast for å gjenspeile forbodet.

c) Utlysinga etter ny diakon hadde frist 6. november. Me fekk inn 4 søknader, 2 vert kalla inn til intervju.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 11.11.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringane.

FR-sak 48/25: GRUNNKURS FOR KYRKJEVERJER

Saksframlegg:

Hovedorganisasjonen KA (Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon) arrangerer grunnkurs for kyrkjeveverjer i mars 2026. Grunnkurset skal gje leiarar kompetansen ein treng for å få ein god start på kyrkjekvardagen. Kursdeltakarane møter mange av KAs fagfolk og får eit praktisk retta kursopplegg innan tema som personalleiing, økonomi, kyrkjeveverja som byggherre og gravplassleiar, arbeidsgjevarpolitikk m.m. AU meiner det er ein viktig prioritering at den nye kyrkjeveverja deltek, helst i 2026, men seinast i 2027 viss kalenderen for 2026 tilseier det.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 11.11.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet ber kyrkjeveverja planlegge å delta på grunnkurs for kyrkjeveverjer i 2026, eventuelt i 2027 viss kalenderen i 2026 tilseier det.

FR-sak 49/25: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING

Saksframlegg:

Fellesrådet har lagt inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten orienterte om prestesituasjonen. Ny sokneprest på plass i Ål. Har også hatt fyrste møte om ny prestestilling som er tenkt delt mellom Ål og Hol, med kontorstad i Hol. Stillinga vil bli utlyst med søknadsfrist i januar. Tenkt som enten kapellan eller prostiprest-stilling. Utlysinga vil bli delt med soknerådet 2. desember for innspel. Skal definerast PSU med éin representant frå sokneråda (enten Hol eller Ål). Prost Camilla er tilbake veka etter påske.

Kyrkjeveverja orienterte om all anna stab ved kyrkjekontoret.

Medarbeidarsamtalar er gjennomført med alle utanom ein sjukmeldt kollega.

Me har ein sjukemelding sidan 6. oktober, foreløpig fram til 5. desember. Forsøker å få tak i vikar til spesifikke arrangement fram til jul.

Kyrkjeverja og verneombud har deltatt på HMS-kurs på Torpomoen.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 11.11.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringa.

Neste møte: 2. desember 2025